

# Ei reise mellom øyar, historier og menneske

Av Vilde Njøten(15) Adrian Fimreite(13) Lmar Haj Ali(13) Ida E Lending (15)  
Kaila M N Alvheim (13).


## Øyhopping i Solund

**Onsdag 2. og 10. juli** var sommarredaksjonen med på FjordKysten si postrute frå Hardbakke til Balandet og tilbake. Turen starta kl. 11 frå Hardbakke kai, og gjekk gjennom rolege farvatn, tronge sund og eit mylder av små øyar og holmar. Allereie tidleg på turen fekk vi sjå dei spektakulære **Lågøystolane**, avrunda fjellformasjonar som stikk opp av havet og gir landskapet eit eventyrleg preg.

Vidare gjekk turen til **Gåsvær**, der passasjerane fekk gå i land, kjøpe kaffi og svele, og slå av ein prat med mannskapet. Turen heldt fram til **Balandet**, der ein fekk to timer til å utforske øyane før returnen til Hardbakke, med sjanse til å sjå selar på vegen heim.

### Alle stopp i rekkefølge

- **Lågøy** – Fire fastbuande, vill natur og ro
- **Little Færøy** – Éin mann bur her og byggjer Ca ein båt i året
- **Indrøy** – Tidlegare fiskemottak og smie
- **Tangenes** – Smal kanal brukt til varetransport før i tida
- **Lonshålet** – Eit dramatisk og vakkert sund
- **Ytrøygrend** – Tidlegare fiskemottak og lokal matbutikk
- **Storøy** – Ingen fastbuande, men mange hytter
- **Oddekalv** – Kort stopp før Gåsvær
- **Gåsvær** – Tre fastbuande, kaffi og svelepause i 30 minutt
- **Balandet** – Vestlegaste øygruppa, to timer til utforskning
- **Hardbakke** – Siste stopp, og tilbake der det heile starta



Figur 1 -3 Foto, Ida E Lending (15)

## Fakta og fascinerande innsikt om Solund

Solund er ein kommune og øygruppe i Ytre Sogn, Vestland fylke – og er faktisk Noregs vestlegaste kommune. Her kjem du tett på både natur, historie og eit levande kystsamfunn.

### Natur og landskap

- Solund består av over 1700 øyar, holmar og skjer, med nesten 1000 km kystlinje.
- Den største øya er Sula, etterfølgt av Ytre Sula, Steinsundøyna og Losna.
- Landskapet er dramatisk og kupert, med fjell som Krakhellenipa (569 moh) og tronge sund som skjer seg inn mellom øyane.
- Berggrunnen består av sandstein og konglomerat frå devontida, noko som gir eit særprega og vilt terren.

### Dyreliv og verneområde

- Solund har fleire naturreservat, blant anna på Gåsvær, Utvær og Indrevær, som er viktige hekkeområde for sjøfugl.
- Her kan du sjå havørn, sel, nise og mink, og kanskje til og med sjeldne planter som kongsbregne i Mjåta naturreservat.

### Historie og kultur

- [Namnet Solund kjem truleg frå det norrøne ordet sól, som betyr “fure” eller “innsnitt” – ei skildring som passar landskapet godt.](#)
- Solund har vore busett sidan steinalderen, med spor etter fangstfolk og gravplassar under hellerar.
- Øya Utvær har både losstasjon og fyr, og er rekna som Noregs vestlegaste punkt.

## Livet i dag

- [Solund har om lag 740 innbyggjarar \(2025\), med administrasjonssenter på Hardbakke.](#)
- Næringslivet er prega av fiske, oppdrett og båtbygging, og kommunen er ein populær feriedestinasjon.
- Øyhopping med postbåten er ein unik måte å oppleve området på, med guiding og menneskemøte underveis.

**Solund er ikkje berre ein stad, det er ei oppleveling.**

## Guide på havet

### Intervju med Matros Oda Ryland.

#### Matros og guide: Oda Ryland

Oda Ryland er matros og guide på postbåten denne sommaren. Ho har vokse opp på ei av øyane i området og kjenner landskapet og øysamfunnet godt.

- **Kvífor valde du denne jobben?** - eg fekk spørsmål om å være matros og guide då dei trond nye folk, og det passet veldig bra. Eg har vokse opp på ei av desse øyane, så eg kjenner området godt og føler meg lokal. Eg er veldig glad i plassen og likar å møte nye menneske, så dette blei ein perfekt sommarjobb.
- **Så dette er ein sommarjobb?** - ja det er det. Eg jobbar i dei åtte sommarvekene, men eg kan også bli spurt om å være med på andre turar utanom sommaren vist dei får bestillingar. Det hender eg blir med som matros på slike oppdrag.
- **Er det noko du ikkje likar med jobben?** – når det er mykje folk, trangt om bord og i tillegg därleg, kan det bli litt stressande. Då må ein vere litt streng, og det er ikkje alltid like lett. Men stort sett er det ein nydeleg jobb – kvar dag er unik, og passasjerane er som oftast blide og greie. Eg gleda meg til kvar arbeidsdag!
- **kva gjer de dersom det blir mykje bølgjer og passasjerane blir redde?** - det siste stykket frå Gåsvær til Bulandet går over ope hav, og der kan det bli litt humpete når det er mykje bølgjer. Då pleier vi å førebu passasjerane på førehand, slik at dei veit kva dei kan forvente. Me prøver alltid å gjere turen trygg og komfortabel.

# Skipper med hjarte for øylivet

## Intervju med Hans Gåsvær

### Kvífor valde du denne jobben?

– Det berre blei slik – litt tilfeldig eigentleg. Eg har alltid vore fiskar, og det var det eg tenkte eg skulle bli. I 1989 begynte me med skyssbåt, først i samband med skuleruter og liknande. Etter kvart utvikla det seg til å bli ein hovudaktivitet. Det passa fint, og har sidan blitt ein jobb eg trivst godt med.

### Kva likar du med jobben din?

Eg likar aller best å treffe folk. Ein møter så mange interessante menneske frå heile verda! I dag har vi nokre passasjerar frå Chicago, og tidlegare i veka hadde vi folk frå Tasmania – dei dreiv ein vingard der. Slike samtalar om livet og kvardagen deira gjer jobben spennande. Det er den menneskelege kontakten som gjer dette ekstra meiningsfylt.

### Blir du ikkje lei av å køyre same rute nesten kvar dag?

Nei, ikkje eigentleg. Me er to som bytter på å köyre båten, så det er god variasjon. Nokre dagar tar eg morgenruta, andre ettermiddagen, og i tillegg er det alltid oppgåver utanom rutekøyringa – som vedlikehald og reparasjon. Det gjer at kvar dag blir ulik, og gjev ei fin blanding av ansvar og opplevingar.

### Er du frå Solund?

Ja, eg kjem frå akkurat denne øya. Det gjev ei spesiell tilknyting til staden, naturen og folka her. Eg kjenner havet, landskapet og historia, og det å få vise fram dette gjennom jobben min gir stor glede. Det er noko helt spesielt med å jobbe midt i det ein kallar heime.

## Reiseglede i Solund

**Ein reise verd å anbefale frå 0–100 år!** Øyhoppinga mellom Hardbakke og Bulandet var ei fantastisk oppleving – med natur så vakker at ein må sjå det for å tru det! Turen gjekk mellom smale sund og opne fjordar, med synet av Lågøystolane som eit høgdepunkt. Heile opplevinga var prega av ro, eventyr og ei nærleik til både landskap og lokal kultur.



Figur 4 Foto, Ida E Lending (15)

## Ruta tok oss gjennom

- Små idylliske øyar med spennande historier
- Svele og kaffi på Gåsvær
- Dyreliv som selar på veg tilbake til Hardbakke
- Utforsking av det vestlegaste punktet – Bulandet

**Menneska i sentrum** Matrosen Oda Ryland og skipperen Hans Gåsvær delte personlege historier og glede over å vise fram heimtraktene sine. Dei viste kor meiningsfullt det er å leve og arbeide tett på natur og folk og korleis kvar arbeidsdag blir ulik og spennande.

## Ro, skjønnhet og sjel

Dette er ein tur som verkeleg kan anbefalast til alle, frå nyfikne småbarn til spreke pensjonistar. Landskapet er fortryllande, menneskemøta hjartevarmande, og historia levande. Om du vil oppleve det ekte kystlivet med ro, skjønnhet og sjel, så er øyhopping i Solund vegen å gå!

## Kjelder

[Øyhopping med postbåten - Solund, Bulandet, Værlandet - Fjord Norway](#)

[Solund – kommune i Vestland – Store norske leksikon](#)

[Solund | Kringom](#)

<https://no.wikipedia.org/wiki/Solund?form=MG0AV3&form=MG0AV3>